

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre og Romsdal,

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ulstein,

Emne: Gamal Engkultur.

Bygdelag: Osnes og omliggande grender

Oppskr. av: H.B.Osnes,

Gard: Osnes

(adresse): Ulsteinvik.

G.nr. 7 Br.nr. 1 til 7

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle: Etter eiga røynsle og det eg elles har merka meg.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Her i heradet har det ikkje i eldre tid vore nemnande utslaattar. All engslaatt gjekk føre seg innafør bøgarden. Bøane var føre utskiftinga i aara fraa 1860 og ut til 1900 paa kvar gard delt i teigar, og kvart bruk hadde saa fleire teigar, baade naar det galt eng og naar det galt aaker.

Side 172 i Hasunds "Vaart Landbruks Historie" vil ein sjaa største garden i Ulstein herad: Ulstein slik han var teigbytt før utskiftinga i 1870aara og side 173 vil ein sjaa Vestre delen av garden etter utskiftinga korleis han no er bygd opp.

1. Eng kalla ein den mark som der var bra gras paa og som ein vanleg kunne slaa med langorv. Var enga særleg stor og tjukk, vart ho kalla tjukkeng. Eng som hadde vore oppe som aaker vart kalla "attleige". Ekre vart helst sume aakrar kalla. "Storekra", "Lissjeekra", "Langekra" o.s.b.

Den mark der det vaks berre stutt gras og som maatte slaaast med stuttljaa vart kalla "stutteng" eller "smaamark".

Det høyet som vaks der det var godt tadt, t.d. i losidet fraa mokedumge o.l. vart kalla todegras og vart halde for det beste og vart lagt i eit serskildt "staal" i loda.

Elles vart høyet nemnt "langhøy" og "stutthøy".

2. Rydjing. Bruka her har alltid vore smaa og det har vore lite høve til aa utvide dei ved dyrking. Noko av grunnen til at det har vore vanskeleg aa dyrke og forbetre innmarka var at alle bruka var delte i saa mange teigar og det var saa vanskeleg aa kome til at det var uraad aa gjere noko. Hadde ein saa ein kranglevoren og leid granne paa sida, saa var det omtrent uraad baade aa dyrke og gjødsle dei smaa teigane. Og saa kunne snart grannen faa noko nytte av gjødsle ved losig o.l., og det gjekk daa ikkje an. Den einaste rydjing ein kunne gjere var aa faa vekk noko stein, om der var i meste laget, men det vart visst ikkje sers mykje av det heller.

3. Mosevaksen eng. Stordelen av enga her før var visst natureng som var kultivert noko isenn ved aa rydje vekk lyng og stein og gjødsle etter fatig høve. Lite hadde dei før av det ein no kallar kultureng.

Det vart visst ikkje saatt grasfrø her i bygda, før Johs.P.Scheide kom att fraa Landbruksskulen sist i 1840-aara.

Daa har eg visse for at han skaffa eit par bønder her i bygda grasfrø - thimotheifrø. Presten som var her daa og som sjølv dreiv prestegarden Dimmasund skaffa Johs. Skeide ogsaa frø. Det var presten Wraamann, ein paa mange maatar framtøk kar. Elles vart det ikkje her brukt nemnande frø før etter at gardane var utskifte og dei tok til aa bryte opp nyland og legge att dei gamle aakrane som hadde vore oppe i uminnelege tider. Det frø som vart brukt var ikkje heimeavla, men kjøpt utanfraa, truleg var det utenlandsk.

Før utskiftinga av dei ymse bruk var det visst ikkje her brukt noko slags grasfrø, og det var heller ikkje skikk aa legge att eldre aakrar.

4. Myr og vassjuk eng. Vatning.

Saa vitt eg har greie paa det, var det visst i eldre tid aldri brukt aa veite vekk grunnvatn fraa vassjuk eng eller mark. Berre der overvatn kunne gjere skade vart det teke grunne veiter, saa ikkje vatnet gjorde skade paa aakrarne.

Men ogsaa her kom teigbytinga i vegen. For ein maatte ta omsyn til naboeigedomen, og dei ymse teigane var oftaa ikkje serleg breide, saa det var lett aa kome bort i disse, og daa kunne det verte sjau med grannen.

Vatning av eng eller aakrar har aldri vore brukt her.

5. Gjødsling. Eng og utslaattar vart visst sjeldan gjøsla. Vintergjødsla vart for det allerbeste brukt paa aakrane. Det galt aa faa mest mogeleg i hus av det som aakrane gav, og difor vart aakrane serleg godt vyrdsla etter den tids skikk. Difor vart alltid alle fetlingar og utlauparar millom steinar og bergskoltar nøgje spatt opp att kvar vaar, saa aakerreinene oftaa kunne sjaa noksaa krokutte ut. Aakrane maatte ikkje minkast. Eit døme paa dette er denne saga. Ein av grannane mine, der eg skula i 1913, hadde overteke farsgarden og hadde brukt han nokre faae aar. Paa denne garden var der ein aaker med mange armar og kromar paa reinene. Ein av disse armane gjekk millom 2 bergskoltar nedover mot sjøen og var noksaa bratt. Det var uraad aa pløgje denne armen, baade fordi ho var saa bratt og avdi øyk og plog var lenger enn aakerarma var breid til. Difor maatte alltid denne armen spadast opp etter at ein hadde bore opp reine fraa nedste reinekanten. Den unge brukaren hadde i dei aara han alt hadde brukt garden ergra seg over denne "aakerrumpa", som han kalla denne bratte teigen. Saa ein vaar, i 1913, spadde han ogsaa denne teigen opp, men han saadde ikkje korn i han, daa han saadde den andre delen av aakeren. Etterpaa saadde han frø i han med oversed av bygg. Den gamle faren levde enndaa, men hadde ikkje vore tilstades under påginga og vyrdslinga av aakeren. Daa havra i den store aakeren tok til aa brydde og byggen likeeins i "rumpa" skjøna faren at der var noko nytt kome til som han ikkje var innvidd i, og han vart sur og gretten, snakka ikkje i mange dagar, og om han det gjorde, saa var det ikkje godprat, til han endeleg ein dag busa ut med det han gjekk og bar paa, meddi han sa: "Eg hev ikkje sett anna i mi tid her paa garen, ^{enn} at maten hev trongst og at det helder hev vorte forlite enn formykje av det slaget, saa korleis du vil prøve aa matberge flokken din, naar du tek til aa legge att aakrane, det skjønar ikkje eg". Sonen prøvde aa forklare han at han hadde tenkt aa ta opp eit stykkje mark og faa aaker ein annan stad og meir enn det han hadde lagt att, men det hørde gamlen ikkje paa. Han sa berre: "Hev du tid til aa kave med aa bryte jord, saa lyt vel noko anna lide i staden". Slik paalag var meiningane her andsynes aa legge att og ta opp nytt land for ei 40-50 aar sia. Men dei var ikkje ~~daa~~ aalmenne, det var berre attegantarar fraa eldre tider. Dei fleste gardbrukarar var daa kome paa nye tankar.

Som nemnt var det ikkje vanleg aa gjødsle eng eller annan slaattemark. Det kunne vel hende, men slett ikkje aalment var det.

6. I eldre tid, før utskiftinga, hadde dei ikkje anna langhøy dei kalla enn fraa kring aakerreinene, der det vart tadd ved sig fraa aakeren, og saa ned fraa løehusa og fraa stovehusa, der disse stod saa til at gjøsselvæte kunne si-ge nedover. Saa hadde dei "røytetyunner" som eg har nemnt før. Disse stod her og der utover paa bøane, der det var lagleg. Sjaa under nr.22 i emnenr.13- Gjøsselstell.

Medan slikt stort tett gras stod paa rot vart det kalla "tjukkeng;" men naar det var slege og turka vart det kalla langhøy, og i loda vart dette høyet hatt i eit serleg staaal og brukt til mjølkekyrne, serleg straks etter at dei hadde kalva. Elles maatte dei hjelpe seg med mindre høy og halm.

7. Der det var fleire bruk paa ein gard, der stod alle husa før utskiftinga saman paa ein plass, og gjerne paa ein noko høgre plass enn marka ikring, saa ikkje væte rann inn millom husa.

Der vart visst ikkje serleg "losig" fraa slike bustadar, daa det gjerne vart mykje opptrakka der ikring. Men fraa der fjøs og løde laag, vart det oftast noko "sig"nedover og gjerne stod ogsaa stova ikkje langt fraa loda og fjøs, og teigen nedetter fraa disse vart kalla "tunteigen" og der var gjerne bra med gras, der tilhøva var slike, men det var ikkje slik allstad der tun var sette.

Eg torer ikkje seie om det vart gjort noko serleg for at losiget skulle spreide seg. Truleg var slikt individuellt, daa det truleg den tid som no var sume folk som saag betre etter velferda enn andre.

Aakrane vart jamnast lagde der det var nokolunde turrt, for her vest ved havkanten var det daa som no mykje regn, og daa det ikkje var skikk aa leide grunnvatnet vekk ved grefter, galt det aa syte for at aakrane laag saa turrt som mogeleg. Her paa Osnes hadde dei dei saakalla "flotane," ei stor vid slette brukt som aaker i hundradvis av aar og som var kjend vide ikring som ein sers god konnaaker. Her hadde kvart bruk sin lut av ho og alt vart nytta til aaker.

Grunnen var sand i fleire alens djupte, og her var det alltid turrt og godt.

Noko av desse flotane er no teken til kyrkjegard, og ein ser, naar grav vert oppkasta, korleis jorda er kulitvert minst 1 meter nedover. Gjøssel har i hundrad av aar sege ned i grunnen. Mitt paa denne store flata som alt i alt vel er millom 30 og 40 maal stor, laag husa i ei klynge, stovehus, lødehus, fjøsar, stallar grisehus, sauehus, stabbur og ei mengd andre hus høyrande til dei fem gardsbruka paa Osnes. No staa ikkje noko att der, for alle hus vart etter utskiftinga i 1869 flytt dit kvart gardsbruk fekk sitt utskifte bruk.

8. Eg har ikkje hatt inntrykk av at enga før vart noko serleg gjøsla, og om saa var, saa var det vel helst om vaaren at det vart gjort. Reidskapane som daa vart brukte, var truleg dei same som vart brukte, naar gjøssel vart hatt paa aakrane, baade til aa frakte gjøsla ut med og til aa spreide ho med og elles stelle ho. Dei brukte "moksleden" til aa kjøyre ut med (sjaa møkkslede side 125 i S.Hasund: "Vaart Landbruks Historie" side 125. Denne sleden og draget er som eg minnes disse sledane). Til spreiding av gjøsel len vart sikkert brukt vanleg tregreip (sjaa side 105 i nettoppnemnde bok av S.Hasund den tregreip med 3 tindar c.

9. Beiting. Det har sikkert vore gamal skikk at husdyra beitte paa innmarka baade haust og vaar. Sia dei fleste gardar her fraa gamalt laag i teigbyte, var det nokk slik at det for den einskilde gardbrukar ikkje var greitt aa halde line teigar utanfor slik beiting, og det vart god granneskikk aa late krøtera faa streife fritt ikring paa alle marker baade haust og vaar. Etter utskiftinga her paa Osnes i 1869 var det skikk at baade kyr, sauer og hestane kom paa beite saa tileg det var raad om vaarane og likeeins om haustane, etter at all avloing var koma i kus.

Var det godver ut over haustane, saag ein dyra ute til langt paa haust.

Grunnen til dette var nokk for aa drye paa det foret som var kome i hus om sommaren. Det var jamnast skikken at det skulle setjast paa same talet den eine vinteren som den andre. Omsynet til avdraatten vog lite, men skam var det aa stelle seg slik at ein maatte minke paa krøtertalet, serleg daa paa kutalet, saa det galt aa spare det av foret som var kome i loda lengst mogeleg..

Eg hørde sume paastod at enga hadde godt av aa verte "gnaga" for grasrota vart saa mykje tettare, naar serleg sauen fekk gnage, og dette var etter at det hadde vore utskifting paa dei fleste gardar her i heradet. Og det var vel noko i det. For me veit at ikkje alle spirane kjem opp paa same tid, og daa sauen beit av kvar spire etterkvart han kom opp, saa vart det fleire spirar aa sjaa som kom opp or rota, men daa dei ikkje fekk kome opp i lengde, saa er det eit spursmaal, om høymengda vart noko større av dette rotgnageri. Og det saag truleg dei fleste noko etter kvart, saa fraa ikring 1920 har det vore paalag slutt med beiting paa bøen, serleg vaarane. Det hender at kyr og sauer om hausten etter at dei er heimkomne fraa fjellbeite kan gaa ei 8-14 dagar og beite paa bøen etter som veret er.

Den tid vaar- og haustbeitinga var vanleg, var det ikkje sett gjerde kring nokon eigeidom, og daa var det heller ikkje raad aa halde noko engstykkje undan beiting, saa dyra for over alle jorder paa innbøen.

10. Som eg nemnde under 9, saa er beiting av heimebøen no omtrent avlagd, og har vore det i dei siste 30-40 aar her.

11. Eg veit ikkje av at nokon gjorde noko serleg for aa spreide dei ruker som laag att etter beitinga paa markane. Iallfall var det ikkje nokon vanleg "sedvane" at noko vart gjort for aa spreide denne gjøsla. Det einaste kunne vere at gjekk "gubbe"sjøl over markane og der laag noko tett med ruker, saa kunne han sparke bort i dei og paa den maaten faa gjøsla spreidd, men dette var berre "undtagelserne".

12. Naar kyrne før gjekk paa vanleg beite om somrane i utmarka, var det ikkje vanleg aa ha dei i hus om næterne. Dei hadde sommarfjøs heime, jamnast ved bøgarden, men høgat staa sommar gjekk kyrne paa beite noksaa langt tilfjells, gjerne ei 6-8 km. borte fraa sommarfjøsane, saa det ville verte eit slit aa faa dei heim og i hus. Dertil var gjerne sommarbeita saa skrале at kyrne for vidaa ikring, og dei var ikkje aa finne den eine dagen der dei var dagen før, maar "mjelkarane" skulle iveg aa mjelke morgon og kveld.

Heime gjekk mjelkarane jamnast kl.6 om morgonen, og var kyrne heimanfor "Vikeskaret", kunne mjelkarane kome heimatt kring kl.9, man var kyrne "i dalen" nordanfor "Vikeskaret" kom dei ikkje heimatt før kring kl.10. Om kvelden vart det gaatt naar det var halde "non", kring kl.5, og dei kom saa heimatt kl.8-9 om kvelden. I tida fraa kjelkarane kom heim om morgonen og til dei gjekk "aa mjelke" om kvelden, var dei med i arbeidet heime paa garden, berre med ei lita kvild etter middagsmaten.

Til aa bere mjelka i vart det brukt "hylkjer" som dei bar paa ryggen. Det var kjerald med tvo botnar i, laga som ei trebytte av stava, men var laga saaleis at eine sida var noko flata, saa ho fall godt aat ryggen. I den botnen som snudde opp var eit større hol med eit trelok som vart dreve nedi, naar det skulle vere tett, gjerne med ein "tetteklut" imillom. Saa var der ogsaa eit lite hol, "svikken" som ein tetta med ein snipp av "tettekluten." "Svikken" vart brukt, naar ein hadde faatt ned paa hylkjet all mjelka som ein hadde mjelka. Daa heldt ein tummarsgomen over "svikken" og riste dugeleg paa heile hylkjet, saa mjelka skola herleg i hylkjet.

Ved daa aa lette paa fingeren einheldt over "svikken" kom luft ut, og naar ein saa hadde rista i behørig tid, var ein snar med aa tette til "svikken" og saa var hylkjet ferdig aa ha paa ryggen og saa barst det heimover. Denne ristinga vart truleg gjord for aa faa eit aldri saa lite vakum i hylkjet for at det skulle verte trykk utanfraa paa "sponset" i den store opninga der ein slog mjelka gjenom ned paa hylkjet. Disse hylkja kunne ta fraa 5-6 liter til 10-12 l. og det var ikkje nokor lett byrd jentene hadde aa bere of tast minst ei halv mil morgon og kveld.

Vart det serleg styggver med regn og kulde som det kan verte rett som det var her vest sommars dag, saa tok mjelkarane kyrne med seg heim og let dei inn i sommarfjøsane ved bøgarden og mjelka dei der, let dei saa ut neste morgon og jaga dei iveg dit dei den tid gjekk og beitte. Noko utslaattar hadde dei ikkje her og andre sommarfjøsar enn den som stod ved bøgarden hadde dei heller ikkje. Gjøsle som fall ved disse sommarfjøsane vart lite paaakta og brann for det meste opp der ho laag ved sommarfjøsveggen.

13. Nokor innhegning hadde dei ikkje her i bygdene til aa ha kyrne i om nætene den tid dei gjekk paa beite. Kyrne sjølve leita seg gjerne ei flate der dei roa seg om natta.

Slike flater der kyrne roa seg for natta vart kalla "leger"; og ved den gjøssel dei der la etter seg kvarv lyngen og gjerne ogsaa einen vekk, og der vart ei grøn slette.

Slike "leger" vart ogsaa kalla "sætrar" t.d. "Vikesætra", "Onglasætra" o.s.v. Ein veit ikkje av at der har vore sætrar i vanleg meining. Det maa i allfall ha vor langt attende i tida, om saa var.

Kvier. Her har ein ikkje hatt innhegningar for kyr, men for sauer har det vore ei mengd "kvier" i beitemarka. Kvar grend hadde si "Kvie", bygd av stein i stor firkant og med saa høgt gjerde (av stein) at ikkje sau kunne hoppe over.

Disse vart brukte berre haustane, daa sauene skulle sankast heim fraa fjellet. Det vart daa til vanleg teke til fraa eine enden av heradet, fraa Flø, og der teke ut dei sauer som hørde det sankelaget til. Resten -avgangsløppen- vart saa neste dag jaga til neste kvie, der det daa vart teke ut den smalen som der hørde til, avgangsløppen jaga til neste kvie o.s.b.

14. Grindgang eller liknande har aldri vore brukt her. Sjaa elles under 13.

15. Her paa Hød eller Hadarøy (Hareidland som no øya vaar vert kalla) har det ikkje vore bjørn, men segna seier at det i gamal tid skal ha vore ulv. Heller ikkje anna slags rovdyr har her vore som kunne gjere kyrne skade. Rev har her vore og er som kan vere stygg med lamma om Vaaren og likeeins ørn, men kyrne vért, eller i tid det gaar fraasegn om har ikkje vore plaga av rovdyr, saa av den grunn har det ikkje vore turvande aa gjere noko for aa verge dei.

16. Noko slags nattevakt over krøtera veit ein ikkje om her.

17. Her har ikkje vore brukt gjøtarar eller hjuring om somrane. Berre vaarane før var det sennt med krøtera, baade kyr og sauer ein eller annan, helst av borna, for aa halde dyra paa beitet i utmarka. Det var gjerne slik at krøtera dei fyrste dagane dei skulle finne seg beite i utmarka etter aa ha gaatt paa beite paa bøen, gjerne ville kome nedatt til bøgaren og staa der og belje og raute. For aa halde dei paa beita i utmarka vart det saa sendt med ein gjøtar, til dyra roa seg paa disse magre beita.

Gjøtarane hadde daa gjerne med seg noko mat, daa dei vanleg laut vere hjaa krøtera, til dei skulle heimatt om kvelden.

18. Sauenfjøs utan golv som stod paa hjul har ein ikkje hatt her.

19. AV dei orda som er rekna opp i spørsmaal 19 er det berre ordet "kvie" som er brukt her slik som eg har fortalt under spursmaal 13.

Ordet støl eller "støyl" som det vert sagt i vaart maalføre har me her i heradet ein stad: "Støylane" som hørde til gard nr. 10 i Ulstein: Holsæker. Ein har ikkje fraasegn om at der har vore "støyl" nokon tid der. Her brukar ein ordet "støyl" i betydning "sæter". Fyrst i 1838 vart dette som no er eit sjølvstendig bruk byksla "af indengjerds og uden-gjerds makk" under Holsæker. Det var kyrkjegods daa, men den delen av dette bruket som no har matr.nr. 2 som daa var av utengjerds mark ~~had~~ hadde namnet "Støylane", saa om der har vore seterhus, saa maa det ha vore fleire, sia staden og namnet vert nemnd i fleirtal.

Ein annan stad som før hørde til Ulstein prestegard var "Hammarstøylen". Der har det vore sæterbu, og der har det vore sæter. Staden har i handel gaatt fraa mann til mann, og dei fleste av eigarane har brukt staden til sæter.

I eldre skrifter, er staden nemnd som bustad for folk ogsaa. Saa er her no eit sjølvstendig bruk, som heiter Dimnastøylen. Det har før - for eit par 100 aar sia, vore utmark og har heitt "Støylen". Der har det visst ikkje vore sæter, men dette og truleg ogsaa "Støylane" paa Holsæker har vel faatt namnet sitt av at der brukte kyrne aa "støyle" seg, naar det leid til kvelds-og mjelketid. Ordet "aa støyle seg" tyder i vaar maalbruk det same som "aa samle seg".

20. Daa her ikkje har vore sætrar, stølar, saa har her heller ikkje vore inngjerd slaattemark paa slike.

21. Daa dei etter det eg veit lite vyrde aa gjødsle enga her, saa har det ikkje vore andre maatar aa gjødsle ho paa enn slik som eg før har fortalt det. Det einaste som det er nemnt og som det ikkje har vore spurt om er det eg har fortalt om "Røytetynner" som vart brukt til enggjøsling.

Ulsteinvik, 12. juli 1955.

Johan B. Osnes

N.B. No brukar dei her ikkje aa ha kyrne i utmarka paa beite somrane. No har dei kulturbeiter heime paa garden eller paa utmarkstykkjer som ligg inn til garden. Det vert ogsaa no mykje brukt elektriske gjerder.

Dette har folk her noko i senn teke til med i dei siste 20 - 30 aara.

D.S.